

# Henjaelvi – med mangfaldige aktivitetar

## Henjaelvi – hovudvassdrag i Leikanger

Henjaelvi er det største og viktigaste vassdraget i Leikanger kommune. Elva leverer drikkevatt og vatn til næringsverksemd. Sognekraft AS har konsesjon til kraftutbygging i Grindselvi og Henjaelvi. Også tidlegare har det vore kraftproduksjon i Henjaelvi. El-krafta ga straum til industriverksemdar og bustadhus langs elva. Henjavassdraget er fiskeførande og eit populært område for lokalt fiske og friluftsliv.

## Frå bre til fjord

Henjaelvi byrjar ved Nyastølen. Her møtes elvane Friksdølao frå Friksdal, Myrdølao frå Myrdal og Trastaonao frå Trastadalen. Lenger ned kjem sideelva Reisetao, frå Fjærlandssetevatnet. Nedover mot Flyastølen buktar elva seg roleg på slettene, deretter i småfossar og så mot det rolege partiet Flotande. Her kjem Skulaonao frå vest. Henjaelvi stupar ned Rjukandefossen, renn breitt gjennom dalen og Hagane, så bratt nedover mot Lakshøl i Riverdalen og til sist roleg ut i Sognefjorden.

## Vasskjelde

Henjaelvi har i generasjonar gitt folk og gardar drikkevatt og jordbruksvatn. Store Trastadalsvatn, øvst i Trastadalen, er oppdemt og sikrar trygg vassforsyning året rundt. Sommarstid er det også godt tilsig av smeltevatn frå Myrdalsbreen. Inntaket til vassverket er i Henjadalen, ved bommen der køyrevegen endar. Ved kraftutbygging vert inntaket flytta framover i dalen.

## Småindustri i Riverdalen og elveosen

Elva leverer jordbruksvatn og vatn til anna verksemd, mellom anna Marine Harvest sitt settefiskanlegg i Riverdalen. Heilt sidan slutten av 1800-talet har Henjaelvi vore avgjerande for ulike næringsverksemd. I 1897 starta Larsens Dampfarveri opp på Stampekloppe, nær utløpet til Henjaelvi. Med ei stampe driven av eit vasshjul blei vadmøl og ullteppevev stampa, tøvd og farga. Verksemda blei seinare utvida og flytta til Hagane.

I 1890 etablerte firmaet HM Knutsen møllebruk og seinare vassag med sagbruk. Firmaet omfatta etterkvart trelasthandel, tønnefabrikk, slakteri, pølsefabrikk, eit privat kraftverk og sildehermetikkfabrikken Knutsen Preserving. Denne blei på folkemunne kalla «Silden» og låg på austsida av Henjaelvi, tett ved fjorden. Fabrikken fekk straum frå «Hermansverk Elektroverk», HM Knutsen sitt eige kraftverk i Henjaelvi.

Eit steinkast unna etablerte H. Drægne, i 1919, konserverindustri. Området blei kalla «Saftvollen», og saft- og syltetøyfabrikken fekk namnet «Saften». «Saften» var eit moderne produksjonsanlegg. Kraft frå «Hermansverk Elektroverk» ga elektrisk lys, dampdrivne maskiner og eit særlege fløytesignal. Når det var matpause blei det slept damp or dampkjelen. Dette ga ein djup lyd og eit pausevarsel, som høyrdest i heile bygda. Heilt fram til 1998 var det juice- og brusproduksjon på «Saftvollen», frå 1980-talet med Lerum Konserver som eigarar. I dag er «Saften» eit viktig kultur- og næringsbygg i bygda.

## Fisk og friluftsliv

Henjaelvi er fiskeførande og eit populært område for fiske og friluftsliv. I nedste delen finst litt laks og sjøaure, lengre opp går bekkearen. Myrdalsvatnet og Trastadalsvatna inst i dalføret har begge fin fjellaure. Fiske i Henjadalen og i fjella er regulert gjennom fiskekort-ordning.

## Elvesti

Mellom Gjerde og sentrum går det ein sti langs elvekanten og i beitemark. I perioden juni - oktober beitar verar i området, og gjennomgangen kan vere stengd. Sjå skilt på grindar.



Hermansverk i tidlegare tider. «Saften» i midten av biletet og «Silden» lengst ned mot fjorden, på austsida av Henjaelvi. Foto: SFFF-1993357.101493

- 1 Hermansverk
- 2 Lakshøl
- 3 Gjerde
- 4 Sygna
- 5 Kommunalt kraftverk
- 6 Nyastølen
- 7 Trastadalsvatnet